



## Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde

### Handlingsplan for nettverket i Helse Fonna 2025

#### Målsetting for nettverket

Målet for nettverket av ressurspersonar i Helse Fonna er kompetanseheving, samhandling og samarbeid slik at kreftpasientar og andre pasientar med trond for lindrande behandling, samt deira pårørande, opplever god kvalitet og tryggleik på alle nivå i helsetenesta.

I Helse Fonna er det til saman 148 ressurspersonar, fordelt på 121 sjukepleiarar og 27 ergo- og fysioterapeutar pr. desember 2024. Dei representerer alle kommunar og tre sjukehus i Fonna-området.

#### Satsingsområde frå Strategiplan for nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling, Helseregion Vest.

I 2025 vil ein ha fokus på desse emna i sjukepleienettverket:

- Tema på årleg fagdag 26. mars 2025: «Omsorg i eit fleirkulturelt samfunn»
- Tema på nettverksmøta vår og haust:
- «Oppfølging av kreftpasienter i forbindelse med cellegift, immunterapi og zometa behandling» v/ Hilde Beate Vik, Kreftpoliklinikken, Haugesund sjukehus
- "Hvordan kan flerkulturelle arbeidsfellesskap styrke våre helse- og omsorgstjenester, og fremme kvaliteten i lindrende behandling og omsorg ved livets slutt?"  
v/ Anne Kristine Aadland, høgskolelektor, PhD v/ HVL
- Hospitering
- Å få enda betre innarbeidd møte mellom ressursperson og nærmeste leiar (mal for møte ressursperson-leiar er utarbeidd)
- Fokus på ny IP og dei 4 undervisningsopplegga tilgjengeleg (ESAS-r, IP, Palliasjon og Nettverket)
- Arrangera lokal palliativ fagdag hausten 2025
- Arrangera introduksjonskurs hausten 2025
- Ei mindre markering av Verdsdagen for lindrande behandling hausten 2025
- Rolla til ressurspersonane vil framleis stå i fokus og bli gjennomgått og drøfta på nettverksmøta.

I 2025 vil ein ha fokus på mellom anna desse emna i fysioterapi- og ergoterapinettverket:

- Fremma fokus på palliasjon på ressurspersonen sin arbeidsstad gjennom kompetanseformidling, til eks. via fagdag og nettverksmøte
- Oppmoda om at ressurspersonane brukar rolla si aktivt på kvar enkelt arbeidsstad og i kommune/sjukehus
- Stimulera ressurspersonar til å hospitera på tvers av nivå
- Arbeide for at minimum 80 % av ressurspersonane har innarbeidd rutine for å informere sine kollegaer etter nettverksmøter og fagdagar.

- Årleg fagdag for fysioterapeutar og ergoterapeutar november 2025. Tema vil bli valt med utgangspunkt i strategiplan, kompetansekrav og tilbakemeldingar frå ressurspersonane.
- «Omsorg i fleirkulturelt samfunn» Tema på årleg felles fagdag 2025

## Sjukepleienettverket i 2025

### **Plan for arbeidet til ressurspersonane**

#### **1. Klinisk verksemd på arbeidsplassen:**

Ressurspersonane skal

- Ha minst eit møte med leiar og lage handlingsplan for arbeidet som ressursperson
- Vere ressursperson og rollemodell for sine kollegaer i arbeidet med kreftomsorg og palliasjon
- Fremma tverrfagleg samarbeid ved å bidra til å trekke inn relevante yrkesgrupper
- Ha internundervisning eller vidareformidla kunnskap til kollegaer på sin arbeidsplass etter nettverksmøte og årleg fagdag
- Bruke ESAS-r for palliative pasientar
- Vere med i utarbeiding av minst ein Individuell Plan innan palliasjon
- Gjera seg kjend med og vera pådrivar for kollegaer i å bruke hospiteringsordninga i Helse Fonna-området

#### **2. Samhandling – systemarbeid:**

Samhandling er fast tema på nettverksmøta. Ressurspersonane vert oppmoda til å bruka Individuell Plan, som er eit viktig verktøy for å fremma god samhandling som kjem den enkelte pasient og pårørande til gode. Hospitering kan og bidra til å fremma samhandling ved at ein får kjennskap til kvarandre sin kompetanse og arbeidssituasjon.

Systemarbeid: Arbeide for å få ESAS-r inn i dokumentasjonssystem og kvalitetshandbok.

#### **3. Kompetanseheving:**

Ressurspersonane får undervisning ut frå nettverket sin kompetanseplan.

Tema på nettverksmøta 2025:

- «Oppfølging av kreftpasienter i forbindelse med cellegift, immunterapi og zometa behandling» v/ Hilde Beate Vik, Kreftpoliklinikken, Haugesund sjukehus i samarbeid med kreftsjukepleiar Berit Røksund v/ onkologisk dagstove Stord sjukehus og kreftsjukepleiar Charlotte Ramsøy v/ onkologisk dagenhet Odda sjukehus
- "Hvordan kan flerkulturelle arbeidsfellesskap styrke våre helse- og omsorgstjenester, og fremme kvaliteten i lindrende behandling og omsorg ved livets slutt?" v/ Anne Kristine Aadland, HVL
- Tema på årleg fagdag: «Omsorg i fleirkulturelt samfunn»

Driftsgruppa gjorde vedtak i 2024 å ikkje lengre invitera fastlege / sjukeheimslege / postlege til nettverksmøta. Dette på grunn av svært få legar har moglegheit å setja av tid til dette.

### **Plan for nettverksmøta**

Det går på omgang mellom dei ulike kommunane og sjukehusa å arrangera nettverksmøte. Ressursperson i arrangørkommunen/sjukehuset har ansvar for å skaffa lokale, ta imot påmelding, ynskja velkommen i starten av møtet, ordna med lunsj og skriva referat frå dagen. Ressurspersonane i vertskommunane/sjukehuset vert også utfordra på å presentera eit case til fagleg drøfting og etisk refleksjon.

Ein vil fortsetja med å setja av første halvdel av møtet til refleksjon og erfaringsutveksling, der alle vert utfordra på å dela noko frå sitt arbeid som ressursperson. Me ynskjer framleis å ha fokus på refleksjon rundt rolla som ressursperson.

### **Nettverksmøter våren 2025:**

Nettverk Indre Haugalandet	6. mai i Etne
Nettverk Hardanger	1. april i Odda
Nettverk Sunnhordland	13. mai Kvinnherad
Nettverk Ytre Haugalandet Nord	27. mai Kopervik sykehjem
Nettverk Ytre Haugalandet Midt	30. april Utsira
Nettverk Ytre Haugalandet Sør	8. april Vea sykehjem

### **Nettverksmøter hausten 2025:**

Nettverk Indre Haugalandet	30. september i Sauda
Nettverk Hardanger	23. september Odda sjukehus
Nettverk Sunnhordland	14. oktober Halsnøy
Nettverk Ytre Haugalandet Nord	4. november Avaldsnes?
Nettverk Ytre Haugalandet Midt	28. oktober Sveio
Nettverk Ytre Haugalandet Sør	16. september Haugesund sjukehus

### **Plan for arbeidet i driftsgruppa**

Planlagde møter i driftsgruppa i 2025:

18. februar på HVL

20. mai på Haugesund sjukehus

2. september på Odda sjukehus

21. oktober på Stord sjukehus

### **Introduksjonskurs**

Introduksjonskurs for nye ressurspersonar og deira leiarar vil bli arrangert hausten 2025. Ei arbeidsgruppe i driftsgruppa vil arbeida med planlegging av dette.

### **Fagdag i grunnleggande palliasjon**

Denne fagdagen vil ha fokus på det grunnleggande innan palliasjon og er spesielt retta mot nye ressurspersonar i nettverket. I tillegg vert det opna opp for at helsepersonell, som ikkje

er med i nettverket, og som møter palliative pasientar i primær- og spesialisthelsetenesta, er velkommen å delta. Fagdagen vil bli arrangert hausten 2025.

### **Årleg fagdag**

Årleg fagdag 2025 vert arrangert 26. mars.

Ei gruppe frå driftsgruppa har ansvaret for planlegginga, saman med leiar for fysioterapi- og ergoterapinettverket.

Målgruppe for årleg fagdag er ressurssjukepleiarar, ressursfysioterapeutar og ergoterapeutar i nettverket, og deira leiarar.

Tema: «Omsorg i fleirkulturelt samfunn»

### **Nyheitsbrev**

Vår og haust 2025 vil det bli sendt ut informasjonsbrev til alle resurspersonar og deira leiarar.

### **Velkomstbrev**

Leiar i driftsgruppa sender ut velkomstbrev til alle nye ressurssjukepleiarar i nettverket i Helse Fonna.

### **Rapportering frå ressurssjukepleiarar og leiarar**

Den årlege rapporteringa er web-basert. Resultata vert vanlegvis presenterte på årleg fagdag. Rapporteringa er ei av dei faste oppgåvene til resurspersonane. Vi ynskjer og rapportering frå leiarane. Rapporteringa er viktig for å evaluere arbeidet i nettverket og planlegge vidare.

### **Nettsider**

Nettverket i Helse Fonna har si eiga nettside under KLB si heimeside. Innhold i perm for ressurssjukepleiarane er lagt ut på heimesida.

Alle nettverksmøta vert annonserte fortløpande.

### **Informasjon om nettverket**

Ressurspersonane skal informera om nettverket og si eiga rolle til aktuelle samarbeidspartnarar.

Ressurspersonane i nettverket har ei nål til å bere på uniforma for å syne funksjonen. Leiarane har eit særskilt ansvar for å informere om nettverket i eigen organisasjon.

### **Fysioterapi- og ergoterapinettverket i 2025**

Målsetting for fysioterapi- og ergoterapinettverket er å:

- Auka fysioterapeutar og ergoterapeutar sin kompetanse, interesse og engasjement for palliasjon
- Skapa eit forum for samhandling mellom fysioterapeutar og ergoterapeutar på dei ulike nivåa og dermed fremma samarbeid og behandlingsflyt i fysioterapi- og ergoterapitenesta
- Fremma samarbeid med andre faggrupper

### **Satsingsområde frå strategiplanen:**

Det er valt ut satsingsområde for nettverket frå strategiplanen. I 2025 vil ein ha fokus på mellom anna desse emna:

- Fremma fokus på palliasjon på ressurspersonen sin arbeidsstad gjennom kompetanseformidling, til eks. via fagdag og nettverksmøte
- Oppmoda om at ressurspersonane brukar rolla si aktivt på kvar enkelt arbeidsstad og i kommune/sjukehus
- Stimulera ressurspersonar til å hospitera på tvers av nivå
- Arbeide for at minimum 80 % av ressurspersonane har innarbeidd rutine for å informere sine kollegaer etter nettverksmøter og fagdagar.
- Årleg fagdag for fysioterapeutar og ergoterapeutar november 2025. Tema vil bli valt med utgangspunkt i strategiplan, kompetansekrav og tilbakemeldingar frå ressurspersonane.
- «Omsorg i fleirkulturelt samfunn» Tema på årleg felles fagdag 2025

Når det gjeld kompetanseheving, vil ein oppmoda ressurspersonane til å hospitera både i kommunar og på sjukehus hjå ressurspersonar og i palliativt team.

Det vert arbeida vidare med å rekruttera fleire ressurspersonar til fysioterapi- og ergoterapinettverket, og det vil spesielt bli lagt vekt på å rekruttera fleire ergoterapeutar.

Februar 2025

Driftsgruppa for sjukepleienettverket ved leiar Grete Skeie Sørhus

Driftsgruppa for fysioterapi- og ergoterapinettverket ved leiar Karoline Berge